

Rutinar for smittevern på gult nivå for elevar ved Frøyland ungdomsskule

(gjeldane frå 14. des 2021)

Elevane har rett på eit trygt og godt skulemiljø der me legg til rette for god psykisk og fysisk helse. Elevane skal ha eit pedagogisk forsvarleg tilbod samt trygge rammer jmf smitteverntiltak.

Til grunn for utarbeiding av planen ligg Trafikklysmodellen:

| | |
|-----------|---|
| Gult nivå | <ul style="list-style-type: none">• Ingen sjuke skal møte på skolen |
| | <ul style="list-style-type: none">• God hygiene og forsterka reinhald |
| | <ul style="list-style-type: none">• Kontaktreducerande tiltak:<ul style="list-style-type: none">○ Unngå fysisk kontakt mellom personar (handhelsing og klemming)○ Heile klassar reknast som ein kohort○ To kohortar kan samarbeide utandørs○ Unngå samlingar med meir enn to samarbeidande kohortar utandørs○ Avstand mellom tilsette (minst ein meter i alle situasjonar)○ Tilsette kan veksle mellom kohortar/klasser, men halde avstand til elevar viss mogleg○ Elevar bør halde avstand (minst ein meter) til elevar i andre kohortar i pausar og friminutt○ Unngå trengsel og store samlingar |

Sjuke elevar skal ikkje vere på skulen

- Kom på skulen når du er frisk.
- Har du milde luftvegssymptom eller sjukdomskjensle skal du halde deg heime. Testing anbefalast. Hald deg heime til allmenntilstanden er god. Elevar og tilsette kan komme tilbake ved negativ test og om dei kjenner seg friske og feberfrie
- Føresette varslar om fråvær til kontaktlærer som vanleg.
- Dersom ein i husstanden har symptom på luftvegsinfeksjon, men ikkje stadfesta covid-19, skal eleven møte på skulen som normalt. Eleven skal imidlertid gå heim frå skulen dersom han/ho får symptom.

- Elevar med typiske symptom på pollenallergi (kjent pollenallergi, rennande nase med klart neseseekret, rennande/kløande auge) kan møte på skulen.
- Elevar som har fått stadfesta covid-19 skal vere i isolasjon.
- Elevar og tilsette skal ikkje komme på skulen dersom dei er i karantene eller isolasjon.
- Det er ikkje skulen sitt ansvar å identifisere kven som skal i isolasjon eller karantene.
- Skulen forhold seg til gjeldande reglar som ligg på Time kommune sine heimesider:
<https://www.time.kommune.no/koronapandemien-covid-19/>

God hygiene

- Alle vaskar hendene før fyrste time tek til. Vask hendene ofte med lunka vatn og såpe i minst 20 sek.
- Etter hosting/nysing
- Etter toalettbesøk (elevane bruker toaletta etter avtale med lærar i timane)
- Før og etter mat
- Etter at du har vore ute
- Ved synleg skitne hender

Mat:

- Alle har med eiga niste og et ved eigen pult, eller ute. Ingen skal dele mat.

Reinhald av eigen pult:

- Sprut med såpevatn og vask av med papir når dagen er slutt, eller når ein ikkje skal vera ved arbeidsplassen meir den dagen.

Språkfag:

- I slutten av timen før språkfag må du vaske av eigen pult. Når du har hatt språkfag skal du vaske av pulten du har brukt.

Ordenselev tømmer ALT søppel dagleg og ved behov.

- Det anbefalast ikkje å bruke munnbind i undervisningssituasjonen
- Munnbind kan brukas utanfor klasseromma og i fellesareal, der det kan oppstå trengsel. Det er viktig å fortsette å halde avstand alle stader det er mogleg, sjølv om det brukas munnbind.

Redusert kontakthypigheit mellom personar

- Mest mogleg av undervisninga går føre seg i eige klasserom, alternativt ute.
- Alle må ha med eige pennal med nødvendig utstyr. Tørk av utstyr du har lånt etter bruk.

- Elevane har fast plass i klasserommet.
- Ytterklede skal henge på eigen stol i klasserommet
- Elevane bruker toaletta i garderoben etter avtale med lærar i timane
- Elevane skal hentast av lærar ute før time.

Friminutt

- I korte friminutt skal alle elevane vere ute.
- Matfriminuttet er todelt. Fyrste del av friminuttet skal elevane sitje i klasserommet sitt og ete maten sin (elevar kan gå heim, eller gå på butikken viss det er avklart med føresette). I andre del av friminuttet skal alle elevane vere ute.
- Unngå fysisk kontakt (klemming og handhelsing o.l). Hald avstand til andre.
- De kan ikkje vere i basane (ved stygt ver kan leiinga bestemma at elevane kan vere inn i friminutt. Då skal dei opphalda seg i klasseromma dei tilhøyrer)
- **Fordeling av uteområde:**
Uteområdet er delt i tre. Sør- 9.trinn, Midt- 8.trinn, Nord- 10.trinn
- 8.trinn bruker hovedinngangen. 9.brukar inngangen ved kunst og handverk, og 10 trinn brukar inngang inn til 10.basen

NB! Handvask når du kjem inn frå friminutt!

Kantina er stengt.

Organisering av undervisning

- **Språkfag/arbeidslivsfag/valfag:** De får faste plassar i desse faga òg, gruppert etter kohortane de tilhøyrer. Hugs å vaske pulten din etter undervisning. Valfaga er på skulen. Fysisk aktivitet og helse må leggje opp til aktivitetar som sikrar ein meter avstand.
- **Kunst og handverk/naturfag/musikk/mat og helse:** Spezialrom kan brukast, men utstyr og pultar/stolar må vaskast etter bruk.
- **Gym:** Kvernhallen kan brukast, men ein bør vere mest mogleg ute. 2 garderobar til jenter og 2 garderobar til gutar kan brukast ved behov, men bruk av desse bør begrensast. Ikkje lov å blanda kohortar i garderobane. Unngå fysisk kontakt. Utstyr må vaskast etter bruk.
- **Bibliotek/mediatek:** Vask hender, reserver rommet, vask utstyr og flater etter bruk.
- **Symjing:** Symjing går som normalt. På bussen skal ein ha faste plassar.

Transport og skuleskyss

- **Skuleskyss til og frå skulen:** Elever som er avhengige av skuleskyss kan ta buss eller annan transport for å komme seg til og frå skulen.
- Ved drosjetransport bør det vera faste elevgrupper per drosje.

Ved annan transport i skoletida kan elevane sitje saman innad i kohorten